



Naturvernforbundet

Buskerud

Martin Lindal
20.10.2024

Drammen

Bråtan11

3022 Drammen

e-post: buskerud@naturvernforbundet.no

Tlf.99604555

Sigdal kommune.


post@sigdal.kommune.no

Merknad til byggesøknad 2024-1245-11

Vi viser til byggesøknaden som er innsendt av SKALLANDSLIA HYTTEFELT AS på vegne av Gunbjørn Aasand for å anlegge en vei i reguleringsplanene Frøvdseter og Søland-Nordre.

Naturvernforbundet i Buskerud (NiB) har fått ei bekymringsmelding i samband med denne søknaden om vegbygging i området. Det blir hevda at området er myrlendt og at det også er ein del flotte gamle krokfuruer som pregar området. Området skel vera eit viktig område for friluftsliv.

Bilde fra området viser at dette stemmer.



Dette er utan tvil eit myrområde.

NiB viser til Kommunal og distriktsdepartementet sitt dokument: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. (2023-2027)

5.2 Førebyggje klimagassutslepp og sikre moglegheita for karbonopptak.

Det er viktig for Noreg si evne til å oppfylle natur og klimamåla at fylkeskommunane og kommunane bruker planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal som skog og myr.

Bygging av veg og hytter i dette området vil ødelegge myra og føre til utslepp av karbon.

Myr er også ein viktig flomdempar, den er levestad for fugl og dyr, og den er viktig for rekreasjon og bærsanking.

Myra og krokfuruene er også viktige i landskapsbildet og med dette ein viktig faktor for naturoppleving.

Me håper at Sigdal kommune tar ansvaret sitt og avslår søknad om vegbygging i området.

Venleg helsing Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal- styreleiar.

Kopi: Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

e-post: sfospost@statsforvalteren.no